

2NOL51-31 Språk og samfunn (lektor m/norsk) – 15 stp (kontinuasjoneksamen)

Generell informasjon:

Tid og stad: 27.09.2023, 6 timar (kl. 09.00-15.00), Inspira, fysisk på studiestaden (Hamar)

Målform: nynorsk (med mindre ein har søkt om fritak)

Hjelpemiddel: ordliste utan eigne notat (ordlista kan bli kontrollert av eksamensvaktene)

Dette eksamensoppgåvesettet består av to sider.

Informasjon om oppgåvene:

Svar på begge oppgåvene.

Begge oppgåvene skal skrivast på nynorsk (med mindre ein har søkt om fritak).

Begge oppgåvene må vere bestått for at eksamen skal vere bestått. Den språklege framstillinga (blant anna rettskrivinga) er ein del av det heilskaplege vurderingsgrunnlaget og må i seg sjølv kunne vurderast som tilfredsstillande, uavhengig av det faglege innhaldet, for at eksamen skal vere bestått.

Oppgåvene er vekta likt, og ein har cirka tre timar per oppgåve.

OPPGÅVE 1: Språkhistorie

Forklar sentrale utviklingstrekk i den indre og den ytre historia av norsk språk frå urnordisk til i dag. Tenk deg elevar som målgruppe.

OPPGÅVE 2: Målførekunnskap

Ta utgangspunkt i tekstdøma nedanfor og forklar korleis ein kan bruke ulike målmerke til å heimfeste norske dialekter.

Tekstdøma til denne oppgåva 2 står på side 2.

Tekstdøme til oppgåve 2 (målførekunnskap):

1. Då heRRedstyRe sko bestemma koR jæRnbanestasjonen sko ligga, så tytte fleiRtalet atta Hågnest måtte væRa beste plassen [...] Me he blant aent nogen svaRte svane så me æ gRævlikt stålte øve. Å då den fysste maen te den svaRta dRåningå va døe, så måtte me Rett å slett henta enn nye enn ifRå udlanne. Nå vente me adle på atta di ska væRta fleRRe.
2. Då e bei sporṭ om e kunjnj lag en tækst på min dialækt, fækk e ærḷi tarṭ litt panikk. [...] Ṣḷsakt, så e dialæktn næstn lik i heimbygda mi å i denjnj byen, mæn e kan hu:s at det va spesielt ett or sãm e mått lægg om før leksom å bi godtatt, å itkje måbba. De va fõrṣte pærṣon a di pærṣonli pronomen: De sku leksom vær så my finar å sei æ i stede før e, å dette æ e faktisk et or e ha vanskeli å kvitjtj me me.
3. Før i tin ṣlakta dei heime på galò alt som trøngdest: søui å jeita, kæLva å grisi – men helst ikkji større dyr. Dreftekaratn tòkò me sé dei natuskrytyre som skulde seljast, å kanṣi hesta me, når rei drògò útåver sist på sommaré. Heime já ùss var-re han gòfa som slakta. Han far kvidde sé fõr ṣlikt. Han likte ikkji å drepa eit dyr. [...] Då så dyre va avliva, fekk é stå å halde i fõtò me han gòfa flådde å læmma-sùnt.
4. Du væt at æ tykkje at ta her e denj finast pLassn på jorṇ. [...] De bLi veL mæst joLbruk å iṇdustri, de. GaLanj e-kje så stor, så de e man så driv ṣyn attåt. [...] De e ferræsten æn fin pLass å ferier når de de e soLṣænn å finver, mæn de e-kje te å kãmma-ferbi at de e mykjkjy støkt ver. Æ kanj ferræsten ikkje hṷs-på at de rægna å bLas så mykjkjy fœr. -Mæn de e mang så ikkje vilj lævva når anjnjerṣtass.
5. Ænj dag mitt i vikun, mitt i haLe øinjnj sat n'OLA å spehlte koṭṭ da n'Pær kãm innum. N'Pær va nokså hissåg tå sé, å da-n såg n'Ola sikja dær, varṭ-n harm. [...] «Næi, nå vil é ṣlutte å jæra någã hæime, é mæ, nå, å fluge burṭe frá galé å arbæie ṣlik sãm summe andre jere,» sa n'Pær.
6. Vika e et frafløtta feskevær, å æ e så heldig at æ har ei hytta dær. [...] En fredag va være så stykt at ingen åṣka å fære tel byen fõrr å hanjle. Å han Ludvik jikk dær å sikla ætte øll. Nåkka sånt fanjtes jo ikke i Vika.